

## FØRBORD

Dei to artiklane i dette heftet er opphavleg frittståande arbeid, men tek for seg variablar og problemstillingar som er svært like. Eg har derfor funne det naturleg å prenta dei i same heftet, og har samordna dei på den måten at drøftinga av felles metodiske og statistiske spørsmål er plassert i den første artikkelen, avsnitt 4, og den ålmenne sosio-lingvistiske drøftinga av alle variablane i avsnitt 6 i den siste artikkelen. Den felles litteraturlista er plassert etter den siste artikkelen, det same gjeld alle tillegga.

Konst. direktør Helge Østbye og amanuensis Kolbjørn Slethei har gjeve mange konstruktive råd og kommentarar, særleg til metodiske og statistiske problem. Eg takkar dei hjarteleg, men tek sjølv ansvaret for feil og manglar.

Bergen, desember 1983

Johan Myking